

Vestland Bjøllelag SA

v/ Audun Seilen, leiar

22.03.2023



Til

Modalen Kommune

## Søknad om stønad frå kommunalt Næringsfond

Søkjer herved om stønad til prosjekt for betre signaldekning for sporing av beitedyr.

Viser til vedlagt prosjektrekneskap og finansieringsplan

Med tanke på plassering av basar vert det vert lagt opp til ein heilhetleg plan for Stølsheimen.

Denne søknaden omhandlar beitelaga i Modalen.

### Kort samandrag

Våren 2022 starta ei gruppe sauebønder i Nordhordland ei prosjektgruppe som skulle jobba for å oppretthalda utmarksbeitinga og gjera tilsyn og sanking meir effektivt i beiteområda deira. I tillegg er det eit mål å redusera tap av dyr på utmarksbeite og å få ei betre oversikt over korleis dyra vandrar i beiteområdet. Dei oppretta ei prosjektgruppe som skulle jobba med dette.

Prosjektgruppa konkluderte med at elektronisk overvaking av dyra ville vera eit viktig hjelpemiddel for å nå måla i prosjektet. Etter å ha undersøkt kva som var mogeleg å få til av tekniske løysingar, vart det etablert eit bjøllelag som kunne stå for innkjøp og drift av utstyr. Dette er eit felles bjøllelag, som er meint å dekkja beiteområda til beitelaga i Vestland fylke, noko som vil styrke samarbeid mellom bøndene, og gje betre oppfølging av beitedyra.

Våren 2022 kjøpt bjøllelaget og beitelaga inn kring 850 radiobjøller av type Telespor Gen4+ og 12 signalforsterkarar for smal-band system, jamt fordelt i Stølsheimen. Dette systemet gjer at ein kan følgje med på kvar beitedyra går, ein får varsel om dyret ikkje er aktivt og det lettar tilsyns- og sankearbeidet. Når ein summerer alle innhenta posisjonsdata kan ei lage ei oversikt over detaljert beitebruk i eit beiteområda.

***Ein er no i fase 2, der Bjøllelaget i samarbeid med nye beitelag, ser på kva moglegheiter det er i deira område. Ein god dialog òg med kommunane er her svært viktig og gjerne avgjerande for å få satt prosjektet ut i livet.***

### Bakgrunn og behov

Nordhordland beitelag- Søre Steinsland beitelag - Otterstad beitelag slepper årleg ca 750 vaksen sau, (ca 2400 beitedyr totalt), på utmarksbeite. (2021 tal frå Nibio)

Beiting i utmark har lange tradisjonar, og svært viktig å halda oppe. Ein utnyttar naturressursane på ein svært god måte når husdyr beitar i fjellet. Ein produserer høgverdig, proteinrik mat til menneska, av plantar som ikkje har verdi for oss direkte. Men beitebruk er tid og arbeidskrevjande, og enkelte sauebønder har gått over til innmarksbeite i staden, eller vurderer å gjera det.

Dei siste 10 åra har beitenæringa teke i bruk elektronisk sporingsutstyr for å halde betre oversikt over kvar sauene går i beiteområdet. Ein oppdagar også fortare om enkeltdyr ikkje flyttar seg og kan vera sjuke, eller om det er stor uro blant dyra i eit område, noko som kan indikera at der er rovdyr. Sett litt på sikt er dette gode hjelpemiddel for å redusere tapstal på utmarksbeite, betra dyrevelferda, samt å

kunne seia noko om årsakene til tapstala der ein finn att kadaver med sporingsutstyr. I dag er det vanleg å ha sporingsutstyr berre på vaksne dyr, men ein kan sjå føre seg at ein i framtida kan ha slikt utstyr på alle dyr. I tillegg til reduserte tap, er elektronisk sporingsutstyr til god hjelp i sankinga om hausten ved at ein kan gå målretta i området og hente ut dyra.

Bøndene har lenge ynskt seg meir bruk av elektronisk sporingsutstyr, men det er for dårleg dekning for mobilsignal i beiteområdet deira. I dette området treng ein sendarar og sporingsutstyr som nyttar smalband signal. Dette er løyst ved å plassera ut smalband basestasjonar på fjelltoppar/høgdedrag der det er mobildekning. Då kan ei radiobjølle på beitedyret senda ei melding med GPS posisjonen via bjøllelaget sine smalband basestasjonar til mobilnettet og vidare til ein app på mobilen og/eller PC'en til beitebrukaren. Bonden ser då i eit kart kor beitedyret er. Ein kan stille inn kor ofte radiobjølla skal senda melding med posisjonen sin. I beitesesongen er det vanleg å få posisjon 2-3 gonger i døgnet, medan ein kan justera opp frekvensen når dyra skal sankast, gjerne til 12 gonger i døgnet.

Viser til vedlegg som viser dekningskart og moglegheiter i beiteområda.

**Opplysningar om søkjar/prosjekteigar:** (Vestland Bjøllelag søker på vegne av dei aktuelle beitelaga)

**Vestland Bjøllelag SA** – Org nr: 929 436 563

Styreleiar: Audun Seilen

Kontaktperson: Audun Seilen

Adresse: Gjerstadvegen 586

Poststad: 5282 LONEVÅG

Epost: vestland.bjollelag@gmail.com

Mobil: 99563949

Bankkonto: 3626 34 10194

**Kontaktperson lokale Beitelag:**

Nordhordland beitelag, Arne Kjeilen- Søre Steinsland beitelag, Audun Seilen - Otterstad beitelag, Davy Espetvedt

**Prosjektbeskriving**

**Mål**

Målet til prosjektet er å få best mogleg overvaking av beitedyra i området. Ein har som mål å redusere tap av dyr på beite og skaffe meir informasjon om korleis dyra vandrar i fjellet.

Det starta i Stølsheimen fjellområde, der beitelaga gjekk saman om eit felles prosjekt.

Beitelaga i Modalen har no, i samarbeid med Vestland Bjøllelag, igangsett arbeid for å sjå kva som er mogeleg å gjera i beiteområda her. Sporingsbjølla som er tenkt brukt er Telespor gen 4+. dette er ei bjølle som nyttar seg av tre forskjellige signal i prioritert rekkefølge. For områder der det ikkje er tilstrekkeleg signal frå telemastene, er plan å montera opp LoRaWan basestasjonar som sender ut eit tredje type signal. Foreløpig simulering viser at for å sikra tilstrekkeleg signal for Nordhordland beitelag- Søre Steinsland beitelag - Otterstad beitelag, vil det vil verta behov for 1 stk slik basestasjon til, og det er satt opp foreløpig behov for ca 237 nye bjøller.

I tillegg til å få opp systemet og overvåka gjennom sesongen, vil ein kunna ta ut analyser om beitemønster, beitetrykk etc i etterkant. Dette vil være svært godt materiale i anledning beitebruksplanar etc, som mange kommunar har igangsatt arbeid med.

**Aktivitet/Målgruppe**



Så langt ser beitebrukarane enormt gode resultat takka vere systemet. Av figuren over kan ein sjå kvar alle beitedyr (mordyr) er i terrenget. Det er eit par raude stjerner; dette er eit varsel om at dyret har flytta seg unormalt lite siste timane, og at ein bør undersøkje tilstanden til dyret for å sjå om det er noko gale.

Det er altså takka vere ei gruppe gode og motiverte bønder frå Vestland/Nordhordland at ein får dette systemet opp. Var likevel ikkje mogeleg å få til utan god støtte frå bl.a. tilhøyrande kommunar.

Det same vil vera avgjerande for dette prosjektet me no søker støtte til. Me set difor vår lit til at involverte kommunar i nye lokale prosjekt, ser nytteverdien av å støtta opp under beitenæringa.

### **Organisering**

Dette er eit felles prosjekt mellom beitelaga i området, Vestland Bjøllelag SA, og Telespor som leverandør av basestasjonar og sporingsbjøller.

Vestland Bjøllelag bistår beitelaga med planlegging, søknadsprosess og innkjøp.

Beitelaga utfører den praktiske biten med utsetjing av basestasjonar, tilsyn etc.

Den økonomiske biten må løysast gjennom eit spleiselag, der deler av prosjektkostnaden vert dekkja av friske midlar frå tilskotsordninga beitebruksmidler og gjennom kommunane sine næringsfond, kraftfond el.l. (Viser til vedlagt kostnadsbudsjett).

Sporingsbjøller og basar vert innkjøpt gjennom Vestland Bjøllelag SA.

Vestland Bjøllelag SA er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret. Vestland Bjøllelag har til formål etter kvart å eige bjøller, administrere og drifte system, og vere ansvarleg for ei digital vaktordning. Bøndene som er medlem i bjøllelaget kan då leige bjøller for kvar sesong. Mål er at kostnaden og arbeidet for den enkelte brukar vil vere lågare enn om ein skal halde og drifte utstyret kvar for seg. Inntil vidare er det variere kven som står som eigar av bjøllene.

For å kunne nytte basestasjonane, må ein vera medlem i Vestland Bjøllelag SA. Medlemsinntaket er på kr. 5 000,-. Medlemmene kan bruka egne radiobjøller eller leiga radiobjøller frå Vestland Bjøllelag SA.

I andre delar av landet er det godt etablerte radiobjøllelag, som til dømes nord i Trøndelag. Der administrerer radiobjøllelaget over 10.000 radiobjøller, har medlemmer i heile nordre delen av fylket og ei velfungerande vaktordning. Vestland Bjøllelag SA har starta opp aktiviteten sin i Stølsheimen i 2022, og er no i gang med å utvida aktiviteten til fleire deler av Vestland fylke, der dyra beitar i område med dårleg mobildekning.

### **Tidsplan**

2022: Etablering av bjøllelag. Montering av 12 sendingsbasar i fjellområde. Oppstart med 230 radiobjøller i prosjektet og 700 radiobjøller som beitelaga kjøper inn sjølv. Testing av dekning og evt. justering og flytting av basane. Evaluering av systemet og drift.

2023: Utviding av tal radiobjøller, meir testing av systemet og utviding til andre delar av fylket.

2024: Utviding av tal radiobjøller og evaluering av prosjektet.

### **Dokument / vedlegg**

1. «Søknad kommunalt næringsfond» (dette dokument)
2. «Utvidelse xxx » Presentasjon frå møte med beitelaga som viser beitelaga, dekningskart plassering av basar etc.
3. «Prosjekt Stølsheimen med Vestland Bjøllelag» Ein presentasjon som er brukt i diverse møter med faglag, kommunar etc.
4. «Prosjektrekneskap og finansieringsplan».
5. «Fullmakt frå beitelaga»